

**Torill Selsvold Nyborg** gjorde framlegg om at setninga i kulepunkt 3 ”Vestlandsrådet vil spesielt framheve....” vert eige kulepunkt.

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Nyborg sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

**VEDTAK**

1.	Vestlandsrådet har følgjande merknader til EU sin samhøyrepolitikk til Kommunal- og regionaldepartementet: <ul style="list-style-type: none"><li>• Vestlandsrådet vil peike på at eit sterkt regionalt nivå er ein føresetnad for ein regionalpolitikk basert på utvikling av regionale fortrinn og for samhøyrepolitikken. Vi meiner difor at EU sin samhøyrepolitikk må ha dette som eit sentralt utgangspunkt.</li><li>• Vestlandsrådet støtter synspunkta i grønboka om at ein unngår for sterk konsentrasjon av veksten, og at det vert arbeidd for ein jamm og berekraftig utvikling i heile området. Vi er samd i at mindre bygdebyar har ei viktig rolle for å stimulere til økonomisk utvikling i utkantområde.</li><li>• Vestlandsrådet er samd i at det må takast spesielt omsyn til område med spesielle geografiske tilhøve, som fjellregionar, øyregionar og spreitt befolkta område.</li><li>• Vestlandsrådet vil spesielt framheve at norske fjordbygder har mange av dei same utfordringane som fjellområde med vanskeleg kommunikasjonar og små arbeidsmarknader. Det må også takast omsyn til at vi har spesielle utfordringar knytt til mindre øysamfunn utan vegsamband med fastlandet.</li><li>• Vestlandsrådet vil peike på positive erfaringar med norsk deltaking i program som understøtter samarbeid med regionar i Europa, og ønskjer at Noreg fortsett vil ta del i programma</li></ul>
2.	Leiar av Vestlandsrådet får i fullmakt å kunne slutte seg til ei felles uttale frå alle norske kystfylke til EU-kommisjonen.